



Avreise til Uzhhorod frå Uskedalen for 5 år sidan. Vidar Akselsen lastar opp saman med Tormod Myklebust

**Onsdag set Tormod Myklebust atter kursen mot Ukraina, som etter kvart tek til å verta krigsherja. Saman med trailarsjåfør Trond Hillesvik skal han køyra ein full semitrailar med 90 kubikk til byen Uzhhorod som ligg lengst vest nær grensene til Slovakia og Ungarn. Difor har det ikkje vore kringshendingar der. Men samfunnet er likevel prega av situasjonen. Uskedalingen har no vore meir enn 10 gongar med hjelpesendingar til det ulukkelege landet.**



Ventetida på grensen kan verta lang

Leveforholda dit han kjem er prega av det som skjer i aust. Derifrå kjem flyktningar og det er problem med utbetaling av offentlege midlar.



Dette er målet Uzhhorod med den greskortodokse kyrkja sentralt i biletet

Myklebust køyrer den velkjente THK-bilen som han har vore 2 gongar før med til denne byen, men oppdragsgjeveren er no KPK, som står for Kristne Pensjonerte Konfirmantar. Dei driv eit omfattande hjelpearbeid i byen som er målet. Dette er imidlertid førebels den siste turen som vert gjennomført dit.

Hillesvik driv eige firma på Tysnes men bilen skal fyllast i Vigrestad på Jæren. Denne gongen er returlasta PVC-røyr frå Polen.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Tormod Myklebust og nettet